



Rune Einar Gaustad
Gaustad 51
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/98 - 18/1931

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
31.01.2018

GBNR 39/2 - Trong for tilleggsopplysningar - Dispensasjonssøknad og søknad om løyve etter jordlova § 12

Administrasjonen viser til søknad om løyve til frådelling av eksisterande våningshus på gbnr 39/2. Søknaden er journalført motteke 09.01.2018.

Planstatus:

Eigedomen gbnr 39/2 er ein landbrukseigedom som ligg i LNFR-område i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Delar av eigedomen, mellom anna arealet som gjennom søknaden er omsøkt frådelt frå landbrukseigedomen, er avsett til LNFR-spreidd bustadområde i KPA (SB_6 - Gausdal). Innanfor SB_6 opnar KPA gjennom kart og føresegner for oppføring av inntil 2 nye bueiningar på frådelt parsellar under føresetnad at tiltaket ikkje krev omdisponering av dyrka eller dyrkbar mark, jf føresegn 3.2 til KPA.

Kommuneplanen opnar derimot ikkje for frådelling av eksisterande våningshus som ligg til landbrukseigedomar. Dette er i strid med LNFR-formålet i KPA og krev dispensasjon. Dispensasjon krev grunngitt søknad, jf pbl § 19-2, og skal sendast på høyring. Deling av landbrukseigedom krev òg samtykke etter jordlova § 12.

Førebels tilbakemelding:

Føresetnadene for å behandle innsendt søknad om frådelling etter pbl § 20-1, bokstav m er ikkje tilstade. Søknaden kan ikkje behandlast før dispensasjonsspørsmålet er avklart.

Administrasjonen opplyser at det ikkje kan påreknast samtykke etter jordlova til frådelling av våningshuset på gbnr 39/2 slik situasjonen er i dag. Dette er det einaste bustadhuset på garden, og vil det vere negativt av landbruksomsyn – og i strid kommunal praksis – å gi løyve til frådelling av våningshuset på eigedomen. Før det blir aktuelt for kommunen å vurdere løyve til frådelling av våningshuset, må ny bustad/bustadeigedom samanføyast med landbrukseigedomen. Det vil òg vere ei føresetnad for dispensasjon etter plan- og bygningslova.

Frist for innsending av opplysningar:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Administrasjonen ber om skriftleg tilbakemelding på ovanstående opplysningar innan **28.02.2018**.

Dersom det blir søkt om dispensasjon etter plan- og bygningslova og deling etter jordlova må dette opplysast særskilt og bli grunngitt i samsvar med krava i pbl § 19-2.

Vidare behandling av søknaden:

Saka ligg i ventearkiv til utløp av fristen 28.02.2018. Dersom vi ikkje høyrer noko innan fristen vil søknaden kunne bli tatt til behandling utan ytterlegare varsel. Det må då påreknast at søknaden blir avvist eller avslått.

Gebyr for behandlinga vil bli ettersendt i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.